

Møteprotokoll

Setesdal Regionråd - Styre



Møtestad: Hovden Høyfjellshotell
Dato: 16.06.2010 – 17.06.2010
Tid: 13:30

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Namn	Namn
Kay Jeiskelid	Olav Mandt (ikkje sak 52 og 54)	Eli Tomine Moe
Knut A. Austad	Olav K. Hovet (ikkje sak 52 og 54)	Bjørn A. Ropstad
Nils Gjermund Østerhus	Bjergulv Sv. Lund (sak 52 og 54)	

Varamedlemmer som møtte:

Namn	Møtte for:	Funksjon
Astrid Steensby	Olav Mandt i sak 52 og 54)	Bykle kommune

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Signe Sollien Haugå	Dagleg leiar
Ingunn Kile	Utvalssekretær

Andre som møtte:

Namn	Funksjon
Trine Pettersen Grønbech	Rådmann Bygland kommune
Jens Arild Johannessen	Rådmann Evje og Hornnes kommune
Steinar Risinggård	Revisor Setesdal revisjonsdistrikt
Tallak Hoslemo (sak 52 og 54)	Rådmann Bykle kommune
Elise Marie Kringen (sak 52 og 54)	Rådmann Valle kommune

Hovden 17.06.10


Utvalssekretær

Godkjenning av møteprotokoll.

Saksnummer	Innhold
PS 46/10	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 47/10	Godkjenning av møteprotokoll
PS 48/10	Referatsaker
PS 49/10	Delegerte saker
PS 50/10	Drøfting/orienteringssaker
PS 51/10	Strategisk plan for kulturminner og kulturmiljøer i Aust-Agder 2010-2013 - høyring
PS 52/10	Politistruktur
PS 53/10	Revidert budsjett 2010
PS 54/10	Helseprosjekt - koordinator Setesdal
PS 55/10	RV 9

PS 46/10 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll i Setesdal Regionråd - Styre - 16.06.2010

Handsaming:

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Kay Jeiskelid meldt opp ein ekstra sak: RV 9

Innkalling og sakliste med ny sak på saklista vart samrøystes vedteken.

Vedtak:

Innkalling og sakliste vart vedteken.

Sak PS 55 RV9 vart sett opp på saklista.

PS 47/10 Godkjenning av møteprotokoll

Saksprotokoll i Setesdal Regionråd - Styre - 16.06.2010

Handsaming:

Møteprotokoll frå førre møtet vart samrøystes vedteken.

Vedtak:

Møteprotokoll frå førre møtet vart vedteken.

PS 48/10 Referatsaker

Saksprotokoll i Setesdal Regionråd - Styre - 16.06.2010

Handsaming:

Sak RS 123/10 vart spesielt merkt. Ein kjem attende til dette i sak 51/10.

Vedtak:

Styret tek referatsakene til orientering.

RS 121/10 Melding om vedtak: Interkommunalt helseprosjekt - forstudierapport

RS 122/10 Rapport - "Strikking i billedkunsten - knitting art"

RS 123/10 Uttale til regional utviklingsplan for Setesdal, 2011-2020

RS 124/10 Tildelingsbrev skjønnsmidler-helseprosjekt

RS 125/10 Søknad om tilskot til bokprosjekt

PS 49/10 Delegerte saker

Saksprotokoll i Setesdal Regionråd - Styre - 16.06.2010

Handsaming:

Ingen delegerte saker til handsaming.

PS 50/10 Drøfting/orienteringssaker

Saksprotokoll i Setesdal Regionråd - Styre - 16.06.2010

Handsaming:

Det vart informert om følgende arrangement:

- Reiseliv – studietur
- Regionrådskonferanse 23.-24. august
- IKT-plan – arbeidast med.
- Smak av Setesdal – forprosjekt Agder Mat- Valle kommune/SR og Innovasjon Norge
- Hovden vilt og rakfisk – festival vert nå eit setesdalskonsept.
- Frukostmøte Agderbenken 21. oktober 2010
- 28.-30. september – studietur 1. line-tenesta næring i kommunene
- 28. juni: Tallship races – reservert plass på dette arr. Interesse for å invitere Agderbenken m. fleire på dette arr.

DR 16/10 Søknad tilskudd Setesdal Næringshage

Vedtak:

Orienteringssakene vart teken til orientering.

PS 51/10 Strategisk plan for kulturminner og kulturmiljøer i Aust-Agder2010-2013 - høyring

Tilråding:

Styret gir uttrykk for at ein sluttar seg til planen og dei ambisjonar ein har i for kulturminnesatsinga dei neste åra. Vi syner og til at planen underbyggjer og harmonerer med Utviklingsplanen for Setesdal. Ein ser satsinga innafor kulturminnevernet som særst positiv på sjølvstendig grunnlag - med teneleg tilnærming for å ta vare på og "utvikle" kulturminna. For Setesdal ser ein at strategiane og tiltaka er relevante for regionutvikling, kulturbasert næringsutvikling, reiselivssatsing og som ledd i omdøme- og merkevarebygging for oss og heile landsdelen. Ein syner til saksutgreiinga som vår uttale til kulturminneplanen.

Saksprotokoll i Setesdal Regionråd - Styre - 16.06.2010

Handsaming:

Orientering ved dagleg leiar.

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak:

Styret gir uttrykk for at ein sluttar seg til planen og dei ambisjonar ein har i for kulturminnesatsinga dei neste åra. Vi syner og til at planen underbyggjer og harmonerer med Utviklingsplanen for Setesdal. Ein ser satsinga innafor kulturminnevernet som særst positiv på sjølvstendig grunnlag - med teneleg tilnærming for å ta vare på og "utvikle" kulturminna. For Setesdal ser ein at strategiane og tiltaka er relevante for regionutvikling, kulturbasert næringsutvikling, reiselivssatsing og som ledd i omdøme- og merkevarebygging for oss og heile landsdelen. Ein syner til saksutgreiinga som vår uttale til kulturminneplanen.

PS 52/10 Politistruktur

Tilråding:

Styret i Setesdal regionråd syner til kommunevise innspel.

I tillegg ønskjer ein som regionsamarbeid å gi uttrykk for følgjande syn:

På bakgrunn av møte 20.mai med politimeisteren og tillitsvalde sitt notat finn styret i Setesdal regionråd ikkje tungtvegande moment som tilseier endra tenestestruktur i Setesdal – Utover at Åseral si tilknytning bør vurderast ut frå at tenestebehov kan vere konkurrerende i høve lokale behov og svingingar med ferie og fritidstrafikk.

Ein tilrår at ein vurderar fleire alternative modellar/ lokaliseringar som:

Alt. 3: Bygland som politistasjon + Hovden som kontorstad/politipost.

Alt. 4: Evje som politistasjon + Valle som kontorstad + eit i indre Vest Agder som kontorstad (jf. Åseral sin saksutgreiing)

Alt. 5: Utflytting av oppgåver til Setesdal for å utvide kompetansmiljø og utføring av avstandstandsuaavhengige tenester til stader med lågare kostnadsnivå (faste utgifter til husleige osv) – kopla til alt 1, 2, 3 eller 4. Jf. og utviklingsplan for Setesdal som peikar på at ein må arbeide for å få lagt offentlege arbeidsplassar hit.

Alternativa bør greiast ut med sideblikk på dei tillitsvalde sine argument om høve til sidevegs forskuving av kapasitet til både Valle og Evje - og Hovden si tyngde som turistdestinasjon. Ein føreset og at det må vere eit økonomisk motiv – og monalege gevinstar for å endre dagens struktur i Setesdal – og at denne må dokumenterast før ev. avgjerd om noko anna.

Vidare føreset ein at ein kjem fram til løysingar som både leiinga og tillitsvalde i distriktet kan stå inne for - og der ein delar dei same politifaglege vurderingane - før ein tek avgjerd i høve framtidig struktur.

Saksprotokoll i Setesdal Regionråd - Styre - 16.06.2010

Handsaming:

Kommunane sine vedtak vart gjennomgått. Ordskitte - om innhaldet . Det var semje om at ein ønskte ei felles uttale frå regionrådet, sjølv om ingen kan gå ut over eige kommunestyrevedtak.

Det vart satt fram følgjande framlegg til vedtak:

"Styret i Setesdal regionråd ønskjer at dagens tenestestruktur for politiet i Setesdal blir vidareført som i dag. Dette ut i frå at ein finn ikkje at det er politifaglege (jf. innspel frå tillitsvalde) eller økonomiske grunnar for endringar som skissert. Ein ser at eksisterande struktur er mest teneleg i høve førebyggjande arbeid, nærleik til publikum, tryggleik o.a.

Ein finn grunn til å understreke at ein per dato ligg under nasjonal gjennomsnitt for politidekking i regionen. Ein har levekårsutfordringar og ein langstrakt geografi som snarare tilseier styrking av polititenesta i distriktet.

Styret i regionrådet føreset at politiet skal vere tilstade i alle kommunane og i framtida. Ein ventar at politiet fortløpande føretekk teneleg disponering av kompetanse og vaktressursar innafor eininga /vaktområdet - med løpande tilpassing i høve trong for polititenester geografisk og periodisk i heile Setesdal jf. t.d. ferie og fritidstrafikk og sesongvariasjonar på Hovden."

Vedtak:

Styret i Setesdal regionråd ønskjer at dagens tenestestruktur for politiet i Setesdal blir vidareført som i dag. Dette ut i frå at ein finn ikkje at det er politifaglege (jf. innspel frå tillitsvalde) eller økonomiske grunnar for endringar som skissert. Ein ser at eksisterande struktur er mest teneleg i høve førebyggjande arbeid, nærleik til publikum, tryggleik o.a.

Ein finn grunn til å understreke at ein per dato ligg under nasjonal gjennomsnitt for politidekking i regionen. Ein har levekårsutfordringar og ein langstrakt geografi som snarare tilseier styrking av polititenesta i distriktet.

Styret i regionrådet føreset at politiet skal vere tilstade i alle kommunane og i framtida. Ein ventar at politiet fortløpande føretekk teneleg disponering av kompetanse og vaktressursar innafor eininga /vaktområdet - med løpande tilpassing i høve trong for polititenester geografisk og periodisk i heile Setesdal jf. t.d. ferie og fritidstrafikk og sesongvariasjonar på Hovden.

PS 53/10 Revidert budsjett 2010

Tilråding:

Styret rår representantskapen å godkjenne framlegg til revidert budsjett for 2010. Manglande finansiering ansvar 9121 blir føreslege dekkka av ansvar 9100. Ein oppmodar Aust-Agder fylkeskommune til å føre inn att løyvinga til Regionalt næringsfond i budsjettet for 2011.

Saksprotokoll i Setesdal Regionråd - Styre - 16.06.2010

Handsaming:

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak:

Styret rår representantskapen å godkjenne framlegg til revidert budsjett for 2010. Manglande finansiering ansvar 9121 blir føreslege dekkka av ansvar 9100. Ein oppmodar Aust-Agder fylkeskommune til å føre inn att løyvinga til Regionalt næringsfond i budsjettet for 2011

PS 54/10 Helseprosjekt - koordinator Setesdal

Tilråding:

Styret i Setesdal regionråd tilbyr Wenche Tangene 50% stilling som helseprosjektkoordinator for Setesdal i 2 år. Årsløn (100%) tilsvarar 1,2 mill. Tangene held sjølv telefon, PC, kontorutstyr og –fasilitetar. Arbeidsgjevar dekker reiser og utlegg etter avtale med dagleg leiar - og innafor definerte prosjekt. Tilsettinga finn elles stad med vanlige rettar og pliktar som tilsette i vertskommunen, og dei til ei kvar tid gjeldande lover, reglement og tariffavtaler.

I stillinga ligg m.a.:

- Prosjektleiing - koordinering av ymse temabaserte helseprosjekt herunder oppfølging/rettleiing prosjektleiarar / prosjektgrupper (pågåande og ev. nye)
- Ansvar for oppfølging av prosjektøkonomi
- Medverknad i Overordna Strategisk Samarbeidsutval (OSS) / AU
- Oppfølging og deltaking i nasjonale og faglege fora
- Utforminga av prosjektplanar ev. nye delprosjekt / ekstern delfinansiering av prosjekt
- Informasjon og kommunikasjon internt og eksternt innafor tema.

Tangene rapporterar til dagleg leiar og leiar av rådmannsgruppa (styringsgruppa for prosjekta).

Arbeidet kan utøvast med stor grad av fleksibilitet i "tid og rom" og med høve til fortløpane trong for prioriteringar i samråd med styringsgruppa og dagleg leiar. Ev. behov for – eller ønskje om ytterlegare innsats utover tilgjengeleg tidsressurs må avtalast særskilt og i framkant mellom partane.

Dagleg leiar blir bedt om å utforme tilsettingsbrev i medhald av dette.

Saksprotokoll i Setesdal Regionråd - Styre - 16.06.2010

Handsaming:

Ordskifte –om tyding av ramme og ekstern finansiering, samt lov om off. anskaffelse vs. Midlertidig tilsetting. Dagleg leiar får fullmakt frå styret til å fullføre ansettelse, samt syne ekstern finansiering innanfor vedtatt ramme..

Bjørgulv Sv. Lund fremma følgande forslag til vedtak:

Styret godkjenner at Wenche Tangene blir tilbydd 50 % stilling som helsekoordinator for Setesdal for 2 år. Dagleg leiar får fullmakt til tilsetting på vilkår som drøfta i styremøtet 17. juni. Ein føreset inndecking gjennom budsjett, ansvar 9101 prosjekt 870. Tilsettinga føreset at ein søker maksimal ekstern finansiering av helseprosjekta kvar for seg og samla.

Vedtak:

Styret godkjenner at Wenche Tangene blir tilbydd 50 % stilling som helsekoordinator for Setesdal for 2 år. Dagleg leiar får fullmakt til tilsetting på vilkår som drøfta i styremøtet 17. juni. Ein føreset inndecking gjennom budsjett, ansvar 9101 prosjekt 870. Tilsettinga føreset at ein søker maksimal ekstern finansiering av helseprosjekta kvar for seg og samla.

PS 55/10 RV 9

Saksprotokoll i Setesdal Regionråd - Styre - 16.06.2010

Handsaming:

Det er behov for kartlegging av fornminne i planlagte trasear.

Framlegg frå Kay Jeiskelid: Setesdal regionråd løyver pengar til planarbeid for følgande trasèar: kr 40.000 til traseèn på Frøysnes, samt inntil kr 250.000 til strekninga Sandnes –Harstadberg for kartlegging/kulturminneundersøking. Jfr. budsjettramme RV 9 – planleggingsfond.

Dette vart samrøystes vedten.

Vedtak:

Setesdal regionråd løyver pengar til planarbeid for følgande trasèar: kr 40.000 til traseèn på Frøysnes, samt inntil kr 250.000 til strekninga Sandnes –Harstadberg for kartlegging/kulturminneundersøking . Jfr. budsjettramme RV 9 – planleggingsfond.